

## UKM 05/15 – Religionsdialog

*Mange stader er medlemmene av Den norske kyrkja i ferd med å kome i mindretal gjennom at folk flyttar på seg både innanlands og mellom land. Befolkinga består av kyrkjemedlemmer, kristne i andre kyrkjer, menneske med ein annan religion og ikkje-truande. For alle gjeld at andre sine levemåtar og religionar er komne mykje nærmare gjennom den generelle globaliseringa. Dermed kan ikkje kyrkja velje om ho skal ha noko med annleistruande å gjere – ho må ha med andre å gjere. Spørsmålet er korleis. Det er avgjerande at kyrkja og andre grupper kan finne gode måtar å leve saman på. Da må ein samtale på måtar som lèt alle kome til orde. Ein slik samtale, i ord eller handling, er dialog.*

### Frå saksdokumentet MKR 07/15 – Religionsdialog og religionsmøte

- Den norske kyrkja [kan] ikkje lenger velja om ho skal relatera seg til eit religiøst (og kulturelt) mangfald, men [må] heller reflektera over korleis ho skal gjera det.
- Det å engasjera seg i interreligiøst dialogarbeid er å ta eit samfunnsansvar, og det er ein del av kyrkja sitt kall.

### Føremålet med saka

- Det er eit ønskjer å auke medvitet i både Kyrkjemøtet (KM) og UKM om religionsdialog.
- Mellomkyrkjeleg råd (MKR) ønskjer innspeil frå UKM om synspunkta deira på religionsdialog, dialogisk praksis og religionsteologi for å ta dei med vidare til KM.
- Det er eit ønskje at debattane i både UKM og KM skal takast med i det vidare arbeidet med religionsdialog i Den norske kyrkja, vere med på å auke medvitet om og aktiviteten innanfor dialogfeltet, og konkret medverke til betre forhold mellom menneske med ulik tru i Noreg.

### Kva er religionsdialog?

For å leve saman treng vi å forstå kvarandre og snakke saman. Religionsdialog er ei form for kommunikasjon som kan minne ganske mykje om ein systematisk samtale slik ein kan lære det på kommunikasjonskurs for kollegafellesskap, familiar eller par (sjå faktaboksen). Dei som er til stades, fortel sjølve om religionen sin, og dei som høyrer til ein annan religion, lyttar og prøver å forstå. Ingen representerer andre enn seg sjølv. Du kan aldri representere alle i trussamfunnet ditt eller religionen din.

Når ein har etablert ei plattform der begge er trygge på den andre og har fått ei grunnleggjande forståing for det den/dei andre står for, kan ein samtale vidare i ein atmosfære prega av velvilje og tillit. Da blir det mogleg å lære om konkrete ting, men ein kan òg lufte krevjande tema som til dømes spørsmål om religionsfridom og konvertering i dialogen mellom kristne og muslimar.



offerar frå Utøya, der prest og biletet er frå gravferda til eit av offera frå Utøya, der prest og imam saman hadde seremonien.

### Ordforklaringer:

Religionsteologi: Det å tenkje om korleis eg forstår mi korleis forholdet mellom mi eiga og den andre si tru, og om korleis andre si tru får meg til å reflektere over mi eiga tru. samtale om si eiga og andre si tru.

Religionsdialog: Det å samtale om si eiga og andre si tru, sleg og Samtalen kan vere akademisk, politisk eller kvardagsleg og praktisk. Ein dialog siktar å normalt mot forståing, ikkje mot å omvende eller å overtyde.

Dialog kan òg ha svært praktiske tema, slik som tilrettelegging av bygg, formidling av kunnskap om gravskikkane til kvarandre, retningslinjer for ekteskap på tvers av religion osv. I tillegg kan ein velje ikkje å snakke så mykje, men handle saman. Det kan vere i nabolag, i ein innsamlingsaksjon for velgerdsføremål eller andre fellestiltak der ein vil vise at alle står saman uavhengig av tru. Slik viser ein tydeleg at vi alle kan stå saman om viktige ting sjølv om vi trur ulikt og kanskje kler oss ulikt. Det er òg viktig å kunne støtte kvarandre. Det har vore viktig for norske muslimar at kristne støtta dei etter massakren i Peshawar i vinter, og for jødane at muslimar og kristne støtta dei etter åtaka i Paris og København.

Det er òg viktig å kunne møtast på tvers av skiljelinjer internt i eigen religion og eige trussamfunn. Ein kan òg ha «dialog» i denne meinингa, altså lytte seg oppriktig inn på kva meiningsmotstandarar eigentleg seier, og arbeide for å uttrykkje seg slik at andre er villige til å lytte til ein. Samtidig må vi heller ikkje mellom trusfellar nekte for at reelle skilnader finst, og at ein må kunne snakke om dei, prinsipielt sett på same måten som mellom religionane.

Til sist er eit siktemål med eit dialogforum å samordne seg i høve til styresmakter og i opinionen. Vi vil synleggjere godt arbeid som blir gjort i kyrkjer, moskear og synagogar, slik at tru kan bli sett på som ein del av løysingane i samfunnet og ikkje mest som eit problem. Der har vi alle ei felles interesse.

### Kva er religionsteologi?

Religionsteologi er eit etter måten nytt felt innanfor teologien. Disiplinen tek mål av seg til å reflektere teologisk og religiøst rundt det at det finst mange religionar og livssyn i verda, og kva tankar vi som truande kristne menneske kan ha om det. Den norske teologen og dialogteoretikaren Oddbjørn Leirvik skriv: «... ein religionsteologisk refleksjon må ta utgangspunkt i dei to grunnleggjande erfaringar vi som kristne gjer i møte med den religiøst sett andre: erfaringa av likskap og erfaringa av forskjell. Korleis tyder vi den doble erfaringa av gjenkjenning og framandkjensle?»\*

Det er i dette spenningsfeltet mellom kjensla av attkjenning og kjensla av at noko er annleis, vi står når vi møter andre truande og andre trussystem. Somtid kan det vere nok å gå i ein annan kristen kyrkjelyd for å oppleve det. Vi kjenner oss att i det å ha ei religiøs tru eller i det minste ei idealistisk overtyding, men vi kjenner ikkje språk og ytringsformer, og vi er kanskje framande for eller til og med ueinige i heile eller delar av trusinnhaldet. Dialogen kan medverke til at vi kan sjå forbi ytringsformer og språk, og kanskje også til å gjere framandt trusinnhald meir forståeleg. Korkje

**Fakta**  
 Religionsteolog og  
 islamekspert Oddbjørn  
**Religionsteolog og**  
 Leirvik skriver slik: \*)  
 islamekspert Oddbjørn  
 «Det er vanleg å nemna tre  
 prinsipielle tilnærmingar til  
 andre trussystem innan  
 religionsteologien: disk standpunkt  
 tyder at ein annan religion  
 Eit eksklusivistisk standpunkt mark.  
 tyder at ein annan religion andre  
 aller mest er ei misjonsmark. gen.  
 Om ein er sann, er den andre ender  
 falsk, og den einaste vegen  
 vidare er at den andre vender  
 seg om. inklusivistisk tenking ser  
 etter likskapar og trekk ein  
 Ei inklusivistisk tenking serende så  
 etter likskapar og trekk ein «slå  
 kan einast om, kan hende så  
 langt at ein freistar å «slå  
 saman» trusinnhald. nærmind  
 seier at det finst rom for  
 Ei pluralistisk tilnærming  
 seier at det finst rom forin må  
 fleire overtydingar og a på i lag og  
 trussystem, og at ein måk at ein  
 finna måtar å leva på i lag og  
 forstå kvarandre slik at ein ligjost  
 unngår mistydingar og  
 mistankar mot den religiøst  
 andre.»  
**Fordringar:** Bør ulik tru  
 motiver til misjon, til  
**Utfordringar:** Bør ulik tru, eller  
 motiver til misjon, til  
 utforskning og forståing, eller  
 til forsøk på religiøs enn det andre  
 sameining? Kva er det vi og g for  
 du trur annleis enn det andre du  
 trur, og kva er det viktig for av  
 deg å halde fast på i det du  
 trur? Kva kan du lære av  
 andre si tru? Bjørn Leirvik,  
 Religionsteologi: tyding av  
 \*) Oddbjørn Leirvik, kjell i religio-  
 Religionsteologi: tyding av drag til  
 likskap og forskjell i religio-eologi i  
 nane sitt landskap. Bidrag til 5.11.  
 samtale om religionsteologi i  
 Norsk Teologisk Nemnd, 5.11.ter/R  
 2004. religionsteologiNTN2004.htm  
 <folk.uio.no/leirvik/tekster/R  
 religionsteologiNTN2004.htm  
 >

religionsteologi eller dialog har som mål å fjerne skilnader eller sameine religionar, men det er klart at det finst ulike tendensar i debatten (sjå faktaboksen).

Det er viktig å understreke at Den norske kyrkja ikkje har eller ønskjer å ha berre éin felles religionsteologi eller éin sentralt organisert religionsdialog. Vi lever i ei pluralistisk verd også innanfor kyrkja. Det er det viktig å respektere. Som det står i KM-saka: «Det er heller MKR sin tanke å gje innspel til samtale og diskusjon om dialog og dialogisk tankegang slik at ein kan tematisera og arbeida med det i kyrkjelydar, bispedømme, dialogsenter og lokalsamfunn og setja det endå meir på dagsordenen.»

### Religionsdialog og misjon

Ut frå det vi har sagt ovanfor, er det klart at somme religionsteologiske standpunkt inneber at misjon er den einaste eller i alle fall den viktigaste responsen på andre religionar. Det at andre menneske trur annleis enn vi gjer, vil ganske enkelt seie at dei ikkje har lært sanninga å kjenne. Det er såleis vår plikt, ut frå misjonsbodet og ei generell forståinga av trua vår, å prøve å medverke til at den religiøst sett andre får del i trua vår.

Andre standpunkt kan nærme seg ei samansmelting av trussystem, slik mykje av kritikken var mot Verdskyrkjerådet for eit par tiår sidan (da mellom kyrkjesamfunn). Det er lite att av slike tendensar i seriøs dialog og religionsteologi i dag. Samtidig er det klart at det å bygge bru over skilnader i form, språk og omgrep bruk kan verke trugande for somme, særleg dersom nettopp slike former blir opplevde som heilt vesentlege for eiga tilhørsle.

I dag er nok dei fleste som driv med dialog og religionsteologi, «pluralistar» på ein eller annan måte, det vil seie at dei godtek at andre har rett til eiga tru, men samtidig held dei fast på at deira eiga tru inneheld sanningar som dei gjerne vil at andre skal få del i. Poenget er å ikkje blande korta, men hugse at dialogen har eit anna siktemål enn misjonen. Dialogen skal opne for forståing og sameksistens, medan misjonen skal medverke til å spreie trua. I eit samfunn som har vorte svært pluralistisk, vil dei fleste også meine at det betyr at vi må respektere at andre religionar har rett til misjon mot oss.

I utgangspunktet bør det altså ikkje vere noka motsetning mellom dialog og misjon. Samtidig er det heller ikkje det same, og ein som går inn i religiøs dialog med tanke på å omvende den andre i staden for å søkje gjensidig forståing, vil nok ganske fort bli «avslørt» og ikkje oppnå nokon av delane. Til sjuande og sist handlar det om gjensidig respekt for menneskeverdet til den andre. Den andre kan aldri vere berre misjonsmark for meg. Dersom interessa mi for den religiøst andre naboen min ikkje strekkjer seg lenger enn til å sjå han eller henne som objekt for mi eiga evangelisering, respekterer eg grunnleggjande sett ikkje vedkomande som menneske.

### Fakta Dialogteknikk:

*Systematisk dialog er ein strukturert samtale som først og fremst har som mål å gjere seg forstått og å lytte for å forstå. Målet er ikkje å overtide, men å formidle si eiga oppleving.*

*Eksempel: Ein person får nokre minutt på seg til å formidle ei oppleving eller eit tema. Det er viktig å bruke «eg-bodskap». Den som lyttar, kan så stille korte, oppklarande spørsmål, men skal ikkje argumentere imot. Så må lyttaren fortelje att det taleran sa, og talaren må svare på om det vart rett forstått. Etter ei stund byter ein roller. Ved å måtte fortelje att blir ein tvinga til å høre etter. Den som snakkar, blir òg tvinga til å gjere seg forstått. Slik unngår ein diskusjon om kven som har rett, fordi poenget blir å forstå.*

*I religionsdialog bruker ein som regel ikkje så klare teknikkar, men siktemålet er det same: Vi skal lære å forstå kvarandre og korleis andre sjølv opplever livet sitt og trua si, og dei oss. Slik blir det etablert forståing og gjensidig tillit, mellom anna som grunnlag for meir praktisk eller kritisk samtale seinare.*

## Dialog og trusopplæring

### Ein ber om at UKM særleg tenkjer på dialog i samband med trusopplæring for barn og unge:

- Er ungdommar oftaast trygge på si eiga tru, slik at dei ikkje opplever det som trugande å møte menneske med ei anna tru, eller er mange utrygge?
- Kan ein ha ein reell dialog dersom ein ikkje veit kva ein sjølv står for?
- Bør ein diskutere trusinnhald i ulike religionar med barn i kyrkjeleg samanheng, eller er det viktigast rett og slett å venje seg til og respektere at folk trur ulikt og har ulike religiøse uttrykk?
- Skal Den norske kyrkja integrere dialogisk tankegang og praksis i trusopplæringa?
  - I så fall: Korleis kan vi integrere eit dialogisk perspektiv og diapraksis (sjå faktaboksen) i det vi gjer med barn og ungdom i kyrkja vår, utan å skape forvirring?

## Avslutning og oppsummering

I det siste spørsmålet ovanfor ligg noko av kjernen i det Mellomkyrkjeleg råd (MKR) meiner med religionsdialog. Dersom ein ikkje har eit trygt ankerfeste i si eiga tru og sine eigne verdiar, kan ein vanskeleg møte menneske som trur annleis (og ofte tilsynelatande sterkare), til ein reell og open samtale. Vi er overtydde om at opplæring i eiga tru og erkjenning av eiga tilhøyrsla er ein føresetnad for ein ekte og konstruktiv samtale med «den religiøst andre». Derfor trur MKR at trusopplæring og dialog høyrer saman, at det første er ein føresetnad for det siste, men òg at trusopplæringa bør innehalde element som medverkar til å byggje ned og avdramatisere dei meir utvendige skilnadene. MKR vil veldig gjerne høre kva tankar UKM har om det.

Det er eit håp at denne saka kan opne opp det svært spennande og lærerike feltet religionsdialog og religionsteologi for nokon. Utan å snakke saman vil vi vanskeleg kunne leve saman i fred med kvarandre over tid.

**Fakta**  
«Diapraksis»:

*Av orda «dialog» og «praksis» har ein konstruert ordet «diapraksis». Det står for den tanken at dialog ikkje nødvendigvis er det å snakke og skrive, men kan handle om det ein gjer saman.*

*Slik vi i kyrkjene gjer ting saman når vi feirar gudsteneste, og ikkje berre snakkar eller lyttar, slik kan anten seremonielle eller heilt kvardagslege handlingar òg vere med på å byggje bruer, gi kunnskap og auke forståing. Alt frå å ha dugnad, hjelpe til i det lokale idrettslaget, gå med bøsser saman i Fasteaksjonen, invitere til fellesmåltid og til å stå saman om å byggje eller drive grendehus og liknande, er eksempel på diapraksis. Poenget er å gi forståing og kjennskap, byggje relasjonar og tryggleik, og samtidig kommunisere utetter at vi kan stå saman om viktige ting sjølv om vi er ulike.*

### **Utfordringsspørsmål**

- Korleis omgåst vi med menneske med ei anna tru på heimstadene våre og i kyrkjelydane våre? Er vi helst saman med dei som meiner og trur det same som vi gjer?
- Korleis kan kyrkjeleg ungdomsarbeid og trusopplæringsarbeid ta for seg spørsmål rundt religiøs skilnad og religiøs dialog?
- Kan og bør religiøs dialog integrerast i planar og arbeidsgreiner som allereie finst, slik som trusopplæring og diakoni?
- Korleis kan ein best skape samarbeid om dialogarbeid mellom ulike nivå og einingar i kyrkja (f.eks. kyrkjelyd, bispedømme, organisasjonar, frivillige aktivitetar i kyrkjeleg regi)?
- Kva meiner UKM er dei viktigaste problemstillingane rundt religionsteologi og dialog, og som må inn i ei KM-sak?

Vedlegg:

**MKR 07/15 – Religionsdialog og religionsmøte, saksdokument for  
Mellomkyrkjeleg råd, forarbeid til Kyrkjemøtet – til medlemmene i komiteen**